

Håndtering av bekymringsfullt fråvær i Nissedalsskulen

Utarbeidd etter råd og rettleiing frå Marit Tørstad, ekspert på bekymringsfullt fråvær

Mål:
Alle elevar i Nissedalsskulen er på skulen!

Beskjed heimanfrå om at ein elev blir borte frå skulen

- Den som får beskjeden spør om årsaka til fråværet
- Dersom årsaka gjeld sosiale utfordringar på skulen, motivere til at eleven skal kome likevel. Kom saman til ein samtale same dag slik at skule og heim arbeidar saman om det som er vanskeleg.

5 dagar fråvær i eit semester (enkelt dagar eller samanhengande)

- Allereie her går grensa for bekymringsfullt fråvær!
- Kontaktlærarar ringer heim og spør om det er noko vi må vere på vakt for
 - Nei? Flott! Men her må kontaktlærar følgje godt med vidare
 - Ja? Få i stand samtale med foresatte og elev med ein gong. Få fram eleven si stemme. Sette i gang arbeid etter Opplæringslovas § 9a
- Minne om at for kvar dag eleven ikkje er på skulen, blir det vanskelegare å kome tilbake i det sosiale. Ikkje fokus på faglege hol, det er det sosiale gapet som er alvorleg!

Forskning seier at ved 2 veker samanhengande fråvær er det dramatisk sjans for uføretrygd og psykiske lidingar resten av livet! Vi har ikkje råd til å vente og sjå!

2 veker fråvær samanhengande
ALARM!

- Møte med foreldre og elev på skulen. Kontaktlærar og rektor deltek.
- Legge plan for å få eleven tilbake på skulen, eventuelt ei opptrappingsplan
- Bli samde om tiltak på dagtid (skule) og kveldstid (heim)
- Minimum er å møte til første time kvar dag. Dagsrytme er alfa og omega! Så gradvis opptrapping kvar veke.
- Ikkje sosiale aktiviteter dersom eleven ikkje har fulgt planen for skuledagen. Skulen er den viktigaste sosiale arenaen for elevane.
- Ikkje tilgang til internett, mobil, data, TV, osv. dersom eleven ikkje er på skulen. Det skal være kjedeleg å vere heime. Dette gjeld også etter skuletid dersom eleven ikkje har vore på skulen.
- Skule og skulehelsetenesta går inn med støtte til familien. Hjelpe i situasjonen med å få eleven på skulen. Gje føresette støtte, ikkje overta oppdragarrolla.
 - Her er det viktig å ha fokus på at skule og føresette står saman om at planen som er lagd skal ikkje endrast. Suksesskriterie nummer 1 er at eleven opplever at heim og skule er 100% samstemte!
- Det blir ikkje gitt skulearbeid heime. All læring skal skje på skulen!

Tiltaka over ikkje gjev resultat?

- Skulen tek kontakt med andre samarbeidspartnarar, t.d: helsesjukepleiar, psykisk helse, familievernkontoret, barneverntenesta.
- Styrka innsats for å få eleven på skulen, med same prinsipp til grunn som skissert over.

Familien vil ikkje ta imot hjelp?

- Rektor sender bekymringsmelding til barneverntenesta som hjelpeinstans

20 dagar fråvær i eit semester

- Rektor tek ansvar for ei oversikt over kva som er gjort, og kva tenester som er involverte. Dersom andre tiltak ikkje gir tilfredsstillande resultat kan rektor sende bekymringsmelding til barneverntenesta som hjelpeinstans. Bekymringsmeldinga må bygge på uro kring eleven.

Viktig å hugse på:

Normaliser stress, og det å vere trøtt og sliten. Det er livet innimellom.

Konflikter og uoverenstemmelser er ein del av kvardagen. Det er viktig å lære seg å handtere dette, gjerne med hjelp av alle vi vaksne rundt.

MÅL: Robuste barn og ungdom!

Permisjonar frå undervisninga blir ikkje omfatta av dette. Det vil likevel bli grundig vurdert om ein elev med bekymringsfullt fråvær får innvilga permisjon.

Utarbeidd av
Nissedal kommune sitt
Barne- og
ungdomsteam

30.09.2019